

KOMMUNEDELPLAN FOR BYGGERÅSTOFF OG DEPONI I HJELMELAND - FORSLAG TIL PLANPROGRAM



Frå bygging av bru over Storåna ved Tveit



Frå Randøy Stein

HJELMELAND KOMMUNE 22.02.22 Forslag frå kommunestyret (sak 10/23)

Innhald

1	Bakgrunn og føremål	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Føremålet med planarbeidet.....	4
1.3	Mål.....	4
2.	Ramer for planarbeidet	5
2.1	Nasjonale og regionale føringar	5
2.2	Kommunale ramer.....	8
3.	Fokusområde.....	11
3.1	Mineralske råstoff og deponi	11
3.2	Dagens situasjon.....	11
3.3	Framtidig arealbehov og lokalisering	12
3.4	Utfordringer knyttet til råstoffutvinning og deponi	12
4	Planprosess, medverknad og organisering.....	15
4.1	Planprosess.....	15
4.2	Medverknad	15
4.3	Organisering	17
5	Utgreiingar.....	19
6	Framdrift.....	20
7	Vedlegg.....	20

1 Bakgrunn og føremål

1.1 Bakgrunn

I samband med arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2031 vart det spelt inn ein del areal til sanduttak. Ein del av dette kom med i kommuneplanen sin arealdel, men det vart samstundes teke initiativ til å arbeida meir med dette tema.

I ksak 44/18 26.9.18 der kommunestyret tok stilling til vidare handtering av ein del problematikk knytt til ny kommuneplan vart det m.a. gjort følgjande vedtak:

Kap 2.6 Råstoffutvinning

- Hjelmeland kommune tek sikte på å utarbeide eigen temaplan/kommunedelplan for råstoffutvinning med prioritering av masseuttaksområde på kort og lang sikt, jf tilråding frå Direktorat for Mineralforvaltning

Dette vart følgd opp ved vedtak av planstrategien for 20-23: k.vedtak 51/20 . Det heiter i planstrategien:

Temaplan råstoffutvinning, dvs sand/grus/naturstein/andre typer råstoff

Prioritert i kommuneplanen

Melde oppstart 2020. Planprogram/KU

Det fyrste formelle steget i dette arbeidet er å utarbeida eit planprogram. Jfr plan og bygningsloven prg 4-1, 11-4 og 11-13. Planprogrammet angir den vidare prosessen for arbeid med planen.

Planprogrammet skal sikra ei oversiktleg, føreseieleg og effektiv planprosess som legg til rette for medverknad frå styresmakter, næringsaktørar, innbyggjarar og andre interesserte.

I seinare tid har næringslivet etterspurt areal lokalt område deponi av masser for seinare bruk. Pr i dag er der ikkje område som er godkjent for føremålet. Regelverket med omsyn til massefyllingar og mellombels lagring har blitt meir komplekst. Å riva ein bygning er ikkje spøk når krava til avfallshandtering blir skjerpa. I Melhus kommune – som ligg kloss på Trondheim by - har deponi vorte ein del av tilsvarande planarbeid, og ein ser det relevant å sjå på dette også i Hjelmeland. Viss den biten av arbeidet blir for omfattande, vil ein vurderer å ta det ut.

Planstrategien har plassert denne planen i kategori temaplan. Der er få prosesskrav knytt til ein temaplan. Ein kommunedelplan skal følgja prosesskrav skildra i plan og bygningsloven. Då råstoffutvinning og deponi representerer store inngrep i landskapet, er det naturleg for denne temaplanen å følgja prosesskrava i plan og bygningsloven. Dette er også gjort i Melhus.

Kommunestyret vedtok 22.2.23, sak 10/23 å leggja forslag til planprogram ut på høyring.

1.2 Føremålet med planarbeidet

Plandokumentet, no kalla «Kommunedelplan byggeråstoff og deponi» skal fungera som ein overordna langsiktig plan for bruk og vern av område knytt til naturressursane grus og naturstein som finst innafør kommunen, vegd av mot andre areal, samfunn- og miljøomsyn. Den skal gjera det meir føreseieleg for aktørane innafør råstoffutvinning, for innbyggjarar og andre som dette rører ved, og til andre som kan ha nytte av kunnskap råstoffutvinning og mellombels massedeponering.

Planlegging for uttak av mineralske ressursar er i stor grad overletne til marknaden, det vil seia dei einskilde aktørane. Styresmaktene bistår delvis med ressurskartlegging og nødvendige planavklaringar, men kan i liten grad styra uttak i tydinga å styra einskildaktørar til konkrete førekomstar. Årsaka til dette er marknads og konkurranseomsyn. Ei gjennomgang av ressursoversikta vil likevel vera eit nyttig verkty for planmynde i arbeidet med å vurdera om eit ressursuttak er fornuftig i eit samfunnsperspektiv, ved avveging av ulike omsyn.

Eit mål for arbeidet er å leggja grunnlag for den komande kommuneplanrevisjonen, slik at tilrådingar i kommunedelplanen kan innarbeidast i den reviderte kommuneplanens arealdel.

Det kan vera ei utfordring å avgrensa planarbeidet; kor langt skal ein gå i kartlegging og vurdering? Pr i dag er det ingen godkjente pukkverk i Hjelmeland kommune, medan der er store aktørar i sving i Suldal og Strand. Å sjå på framtidig lokalisering av pukkverk er ein førebels skeptisk til, ut i frå at det kan gjera planprosessen meir kompleks. At ein ved utsprenging av tomter til industriareal i ein periode driv ein form for pukkverk, er eit anna forhold som kanskje ikkje treng løysast i denne planen. Viss det er sterkt ønskje om å ta med pukkverk, må det spelast inn i prosessen kring fastsetjing av planprogrammet.

1.3 Mål

1. Planen skal gi ei oppdatert ressursoversyn over førekomst av grus, naturstein og område for etablering av massedeponi i Hjelmeland kommune

2. Lage strategi for ei berekraftig forvaltning av ressursane, og berørte areal-, samfunn- og miljøomsyn

3. Skapa føreseielege og effektive prosessar ved søknad om etablering av drift for grus, pukk og deponi

4 Fungera som eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og koma med ei konkret tilråding ved rullering av kommuneplanen sin arealdel



Frå Tjentland

2. Ramer for planarbeidet

2.1 Nasjonale og regionale føringar

Lovgrunnlag

Nasjonale styresmakter legg føringar for arealplanlegginga på fylkes- og kommunenivå. Mål og føringar er nedfelt i lov og retningslinjer, og vidare gjennom eigne planar og rettleiarar.

Lovgrunnlag

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (2008)
- Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (2010)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (2009)
- Lov om vassdrag og grunnvann (2001)
- Lov om vern mot forurensning (1983)
- Lov om kulturminner (1979)
- Forskrift om konsekvensutredninger (2017)

Nasjonale forventingar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for å fremja ei berekraftig utvikling i heile landet. I 2019 vart det formulert følgjande forventingar:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn over hele landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byer og tettstader der det er godt å bo og leve

Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer vert nytta for å konkretisere de nasjonale forventingane til planlegging og markera nasjonal politikk på viktige område i planlegginga.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018):

Inneheld retningslinjer for korleis kommunen gjennom planlegging skal stimulere til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal medverka til at samfunnet vert betre på å tilpassa seg klimaendringane

Statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014):

Planlegging av arealbruk og transport skal fremja samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byer og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremja helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremja utvikling av kompakte byer og tettstader, redusera transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. Det er et mål at veksten i persontransport i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange

Norges geologiske undersøkelse (NGU)

NGU er landets sentrale institusjon for kunnskap om berggrunn, mineralressursar, lausmassar og grunnvatn. Overordna føring fra NGU: «For å sikre grus og pukk som byggeråstoff i fremtiden, for å unngå nedbygging av viktige forekomster og for å unngå arealbrukskonflikter, bør man på et tidlig tidspunkt i arealplanleggingen utarbeide oversikt over gode forekomster».

Grus- og pukkdatabasen kan fungerer som eit verktøy når nye og eksisterande uttak blir vurdert i kommunen. Ei oppdatert ressursoversikt som er verdivurdert må eventuelt etterspørjast fra NGU.


Direktoratet for Mineralforvaltning

DMF forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova). DMF skal arbeida for at Norges mineralressursar vert forvalta og nytta til det beste for samfunnet. Dette inneber at DMF skal leggje grunnlaget for auka verdiskaping basert på ei forsvarleg og bærekraftig utvinning og bearbeiding av mineral. DMF skal ha oversikt over kva forekomster som er i drift / har konsesjon. DMF og NGU samarbeider i nokre fylke om eit «ressursrekneskap». Dette vil kunne seia noko om forventa levetid på forekomster, kor stort forbruket er i kvar kommune, transportmønstre ved frakt av råstoffa og rekna CO2 utslipp som følge av frakta.

Vassforskrifta (2006)

Sitat prg 1: Formålet med denne forskriften er å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene.

Det er utarbeidd ein eigen vassforvaltningsplan for Ryfylke vassområde.



Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke

Vedteken av Rogaland fylkeskommune 2013. Gir oversikt over ressursar og føringar for prioritering av desse.

Mål for arbeidet:

- Gi oversikt over tilgjengelige og prioriterte byggeråstoff-ressurser i området.
- Belyse hvordan ressursene kan forvaltes best mulig.
- Sikre tilgang på byggeråstoff i et langt tidsperspektiv.

2.5. Retningslinjer for planleggingen - henta frå regionalplanen

1. Områdene i planen deles inn i følgende plankategorier:

- Kategori 0: Områder som er i drift i hele eller deler av forekomsten eller er godkjent til drift i plansammenheng.

- Kategori 1: Lav konfliktgrad. Områder som er aktuelle for uttak av grus og pukk.

- Kategori 2: Middels konfliktgrad. Områder der det er nødvendig med en nærmere vurdering og/eller oppdeling..

- Kategori 3: Høy konfliktgrad. Områder der konfliktnivået er så høyt at det i utgangspunktet ikke bør åpnes for uttak uten at det foreligger spesielt tungtveiende samfunnsmessige hensyn.

- Kategori 4: Områder som ikke er vurdert i planen, men som er naturressurser som må inngå i vurderinger den helhetlige kommuneplanleggingen.

2. Retningslinjer til plankategoriene

Konsekvensutredningen som er utført i regionalplanen gir ikke unntak fra plan- og bygningslovens krav til konsekvensutredninger. Alle saker om uttak av grus eller pukk skal ved behandling være tilfredsstillende opplyst, uavhengig av hva slags plankategori området har i regionalplanen.

2.1 Retningslinjer for kategori 0: - Områdene i kategori 0 skal framstå med relevant aeralformål i kommuneplanens arealdel.

2.2 Retningslinjer for kategori 1: - Områder i kategori 1 er vurdert å ha lavt konfliktnivå. Nye uttak av byggeråstoffer i regionen skal fortrinnsvis styres til områder i denne kategorien.

2.3 Retningslinjer for kategori 2: - Områder i kategori 2 er vurdert å ha et middels høyt konfliktnivå.

Som utgangspunkt bør nye uttak styres mot områder i kategori 1, forutsatt at det eksisterer tilstrekkelig utnyttbare og tilgjengelige ressurser i kategori 1.

- For disse områdene er det behov for en mer detaljert vurdering av egnethet og/eller konfliktgrad for å avklare områdets status.

- For noen områder kan en nærmere vurdering resultere i at deler av området viser seg å ha en lavere konfliktgrad og kan åpnes for uttak. –

For områder i kategori 2 kan detaljert utredning vise at konfliktnivået er for høyt til at uttak kan anbefales.

- For noen områder kan det være aktuelt å åpne for uttak på visse vilkår. Områder i kategori 1 og 2 bør ikke varig omdisponeres til formål som vanskeliggjør uttak av byggeråstoffer uten at det er gjort en konkret vurdering av mulighetene for uttak i området. De bør ikke omdisponeres før det er gjort en vurdering av hvordan områdets bidrag til å dekke regionens ressurs-behov kan erstattes. 9

2.4 Retningslinjer for kategori 3: - Områder i kategori 3 er vurdert å ha et så høyt konfliktnivå at de i utgangspunktet ikke bør åpnes for uttak av byggeråstoffer.

- Ved spesielt tungtveiende samfunnsmessige hensyn kan området tas opp til vurdering i plansammenheng, gjennom konsekvensutredning og forslag til nye avgrensninger og innskrenkinger av uttak for å dempe eller fjerne konflikter.

2.5 Retningslinjer for kategori 4:

- Områder i kategori 4 er ikke vurdert i regionalplanen. Områdene er likevel registrerte ressurser, ofte med lokal verdi. Områdene bør vurderes spesifikt i kommuneplanprosessen. Her må en evt. ta sikte på å utarbeide et temakart over byggeråstoff i kommunen, slik at ressursene og arealene kan hensyntas i detaljplanleggingen

Regionalplan for areal og transportplanlegging i Ryfylke

Vedteke av Rogaland fylkeskommune 2016. Gir føringar for utvikling av senterstruktur og vegnett.

Regionalplan for massehandtering på Jæren

Ikkje direkte innretta på Ryfylke, men mykje av strategien er overførbart. Vedteken 2017.

Det heiter i omtalen av planen følgjande:

Arealplanlegging skal bidra til bærekraftig håndtering av overskuddsmasser på Jæren, ved å legge til rette for en mer sirkulær forvaltning av råstoffene. I dag gjenvinnes bare 5-10 prosent av overskuddsmassen.

Overskuddsmasser er stein, jord og leire som blir sprengt eller gravd ut ved opparbeiding av tomter, veier og andre byggeprosjekter. Deler av disse massene kan brukes på stedet der de blir gravd ut. De massene som ikke kan brukes, kalles overskuddsmasser. Massene kan være iblandet tungt bygge- og riveavfall som tegl og betong.

Dersom vi øker andelen som gjenvinnes kan vi hindre mange fyllinger i natur- og landbruksområdene, og i tillegg spare ikke-fornybare ressurser av «ny» stein og grus til kommende generasjoner.

2.2 Kommunale ramer

Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2019:

Visjon: «Hjelmeland Naturlegvis»

Me signaliserer at me ynskjer å bruka natur og naturressursane til næring, rekreasjon og bukvalitet.

Kommuneplanen peikar på eit naturbasert næringsliv, og at ein skal driva næringsutvikling med basis i eksisterande næring: næringslivet opererer lokalt og globalt, men byggjer i stort mon på lokale naturressursar.

Det er vedtatt tre satsingsområde, der **næringsutvikling** er eitt av dei:

«Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar og der reiseliv vert særskilt vektlagt»

Td ved fokus på å aktivt leggje til rette for næringsareal.

Kommuneplanen sin arealdel, vedtatt 2019

Følgjande område er lagt inn som framtidige råstoffutvinningsområde med retningslinjer:

Nr.	Gnr/bnr	Stad	Bygd	Tiltak	Retningslinje
RS1	64/3	Kleppaheia	Hjelmeland	steinbrot	
RS2	6/1	Rosså	Ombo	steinbrot	
RS3	88/ 1 og 2	Randåsen vest	Randøy	skifer	Uttak i området skal ta særskild omsyn til registrert naturkvalitet i området jf Naturbasen– kystfuruskog.
RS4	35/1	Vikemoen, Tøtlandsvik	Vormedalen	grus	Plankrav for ev nytt uttak.
RS5	32/1	Litlemo v/ Moldbakken	Jøsen- fjorden	grus	Krav om plan for meir uttak
RS6	134/4	Tysdalsvatnet	Årdal	Grus	Eksisterande uttak i drift
RS7	70/3	Mjølhus	Hjelmeland	Steinbrot	Plankrav det m.a. landskapsomsyn og avbøtande tiltak for ev risiko skal sikrast
RS8	29/2	Krossleite/ Kromshagen	Jøsenfjorden	Grus	Krav om KU før regulering. Krav om at ein finn gode landskapsmessige løysingar ift fylkesveg/elv i aust.
RS9	139/10	Svadberg	Årdal	Grus	Masseuttaksområde RS10 og industriområde I14 må sjåast i ein sammenheng. Ein må i tillegg til masseuttak og utviding av næringsareal ta høgd for Årdalstunnelen og areal til lagring av tunnelmasse. Her må det lagast ein detaljreguleringsplan som gir rom for masseuttak for så å allokere areal til landbruk, næring, ny veitrasé hensyntatt fornminner. Ta omsyn til eksisterande tilkomstveg til beite/camping. Krav om KU/ROS før regulering

RS 10	100/3, 101/17 100/4 100/18	Mele	Årdal	Grus	Krav om KU før detalj-regulering. Ta omsyn til god avgrensing ift bustader og landskap. Ivareta moglegheita for god landskaps-og støyskjerming til framtidig vegtrasè RV13; sjå desse tiltaka I samanheng.
----------	-------------------------------------	------	-------	------	--

Retningslinjer

1. Ved regulering til uttak må det takast omsyn til landskapsbilete og sikre estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt inntil vassdrag, skal takast vare på.
2. Ved regulering til råstoffutvinning må tryggleiksomsynet til nærmiljøet vere ivaretatt og sikra.
3. Områda skal tas ut etappevis, og det skal utarbeidast tilbakeføringsplan av uttaka til landbruksformål når uttaket opphøyrer.

Område i drift el ferdig regulert, ligg som eksisterande råstoffutvinningområde i kommuneplanen:

Stad	Bygd	Gnr/Bnr.	Type	Drivar
Randåsen	Randøy	91/1	Naturstein	Randøy Stein AS
Sandanger	Randøy	92/1	Naturstein	Ryfylke Stein AS
Tjentland sør	Årdal	137/1,4,5	grus	Norstone AS
Tveit vest	Årdal	130/3,4	grus	Norstone AS
Tveit/ Ullestad	Årdal	129/3, 130/1	grus	Norstone AS
Valheim/Storemo	Årdal	113/1,5,13,14	grus	Norstone AS
Vadla	Jøsenfjorden	27/1, 28/1	grus	Norstone AS

[Strategi for næringsutvikling, vedtatt 2022](#)

Strategi for korleis kommunen skal arbeida for å skapa fleire arbeidsplassar og bli meir attraktive.

Målet er:

- fleire og meir varierte arbeidsplassar
- eit framtidsretta og berekraftig næringsliv
- å utnytta næringspotensialet i folket, natur, kultur og stadidentitet
- å auke folketalet i løpet av planperioden til 2800.

Strategien vektlegg at kommunen skal vere ein tilretteleggjar, initiativtakar, samarbeidspartar og samordnar for næringsutvikling, og at ein skal jobba for naudsynt infrastruktur og sikre næringsareal.

3. Fokusområde

Den nye planen skal ha fokus på verdien av mineralske råstoff, eksisterande uttak og deponi (sjå kap 1.2), framtidig arealbehov og mulige lokaliseringar. Det må sjåast på omsynssoner for naturressursane og utfordringar knytt til råstoffutvinning, slik at planen kan fungere som eit fagleg beslutningsgrunnlag. Grus og naturstein er ein ikkje-fornybar naturressurs. Det er difor avgjerande at det vert sikra ei langsiktig berekraftig utnytting, slik at også komande generasjonar har tilgang på denne viktige naturressursen.

3.1 Mineralske råstoff og deponi

Mineralnæringa omfattar verksemdar som lever av å ta ut og bearbeide råstoff fra fast fjell eller lausmassar. Det vert skilt mellom fem ulike grupper mineralske råstoff: Byggeråstoff, industrimineral, naturstein, metallisk malm og energimineral. Hjelmeland kommune har store ressursar innan gruppa byggeråstoff som inneheld minerala sand, naturstein og grus. Det kan også vera ressursar innan pukk, utan at denne er kartlagd nærare. Byggeråstoffhar mange bruksområde, m.a. til bygging av vegar, parkeringsplassar, drenering og grøfting, betong osv.

Med massedeponi vert meint eit område som skal nyttast til varig lagring av masser tilført utanfra (eksternt). Etter plan- og bygningsloven § 20-4, jf. § 20-1 er et tiltak mellombels viss det varer mindre enn to år. Plassering av masse i 2 år eller mer skal handterast som permanente tiltak.

3.2 Dagens situasjon

Hjelmeland kommune har pr i dag ingen eigen overordna plan for grustak, naturstein og deponi. Det er ei utfordring når slike tiltak skal vurderast eit for eit etter kvart som det viser seg å vera interesse for det.

Det manglar eit overordna kunnskaps- og beslutningsgrunnlag. Ein tenkjer difor at planen skal kartleggja og vurdere førekomstar i kommunen, og koma med ei tilråding om framtidig utvikling av disse. Tilrådingane skal nyttast til å vurdere nye område for råstoffutvinning og deponi ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Råstoffutvinning:

I gjeldande kommuneplan er det lagt inn både eksisterande/regulerte og framtidige førekomstar av sand/grus, naturstien, sjå oversikt i førre kapittel.

Kommuneplanens sin arealdel stiller krav om reguleringsplan før det kan etablerast masseuttak i areal avsett til råstoffutvinning i arealdelen. Reguleringa skal gjerast i samråd med kommunen, og kommunen godkjenner en slik plan. I tillegg stiller mineralloven krav om melding til Direktoratet for mineralforvaltning ved uttak over 500m³, og driftskonsesjon ved et samla uttak på meir enn 10 000m³, jf. Mineralloven §§ 42 og 43.

Deponi

Etablering av deponiområde vert regulert av fleire lover og forskrifter. Saksbehandlinga i kommunen vil difor avhenge av kva type tiltak det dreier seg om. Det kan td vera tale om søknad til byggesak ved «vesentlege terrengingrep» etter plan- og bygningsloven § 20-1 bokstav k, søknad om planering av

et areal etter forurensningsforskriften kap. 4 eller utarbeiding av reguleringsplan for større deponiområder etter plan- og bygningsloven § 12-1 (eksempla er ikkje uttømmande).

Rogaland fylkeskommune arbeider med denne problematikken, og har mellom anna sett i gong eit prosjekt for å kunne etablere eit mottaksanlegg for gjenvinnbare masser på Jæren. Dette som oppfølging av planen for massehandtering på Jæren. Det heiter m.a. følgjande hjå fylkeskommunen:

Det skapes store mengder overskuddsmasser i regionen. Det vil kreve tett samarbeid og god koordinering mellom kommuner, utbyggere, entreprenører og råstoffprodusenter m. fl. for å få til en effektiv og hensiktsmessig forvaltning av disse ressursene i årene fremover. Det er avgjørende at det blir satt av tilstrekkelige arealer til massehandtering. Rogaland Fylkeskommune ønsker å ta en koordinerende rolle i dette arbeidet og har derfor etablert et prosjekt som vil se på hva som skal til for å oppnå dette.

I denne planen som skal gjelda for Hjelmeland, vil ein prioritera å sjå på område for mellombels lagring av massar som kan gjenbrukast. Å finna fram til område for mulege framtidige varige massefyllingar kan verta for omfattande.

3.3 Framtidig arealbehov og lokalisering

Framtidig arealbehov og lokalisering er moment det må leggast vekt på i planarbeidsfasen, spesielt med omsyn til lang sikt. Dersom eit nytt område skal tilrådest for råstoffutvinning eller deponi, må dette arealet sjåast i samanheng med andre nærliggande arealføremål, omsyn og samfunnsinteresser. Det er viktig at kommunen sine forekomstar av byggeråstoff i liten grad blir bygd ned, men er tilgjengelege for framtida. I den samanhengen kan det nyttast omsynssoener, som kan innarbeidast ved rullering av kommuneplanens arealdel. Dette gjeld for dei områda kor det framstår fornuftig å hindre nedbygging av forekomstar som anses som særleg viktige for framtida. I avveginga må det takast omsyn til m.a. mogleg framtidig utbyggingsbehov i landbruket, som i stor grad nyttar dei same ressursane.

3.4 utfordringer knyttet til råstoffutvinning og deponi

Nokre av grusforekomstane i Hjelmeland kommune er av stor samfunnsmessig tyding, og er verdivurderte som nasjonalt viktige forekomstar. Andre er vurderte som regionalt viktig og lokalt viktig. Økonomisk kan massetak gi positive konsekvensar for grunneigar, tilsette, transportfirma og byggebransjen. Dette må likevel vegast opp mot konsekvens og verknader for andre samfunnsmessige omsyn.

Samfunnstryggleik

Grunnforholda på lokaliteten har betydning for ras og flom. Knusing av stein, sprenging, pigging på bil og transport kan skape mye støy. Uttak av sand, grus og stein kan gi støvplagar for nærområda. Endring av landskap kan gi nytt lokalklima, td meir utsett for vind. Finpartiklar kan bli vaska ut av vatn og renna ut i vassdrag og i grunnvassressursar. Det er viktig å bevare og sikre grunnvatn/vassdrag som nyttast til drikkevatt fra forureining. Avrenning i slike naturressursar kan få store konsekvensar.



Tungt utstyr! Frå open dag på pukkverket Norsk Stein i nabokommunen Suldal 2022

Transport

Nasjonale forventingar legger vekt på at uttak av byggeråstoff (pukk, grus og sand) til bygge- og anleggsformål får korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp. Det skal også være en samordnet og klimavennlig areal- og transportplanlegging, og trafikkgenerering må vurderes. I prisen på byggeråstoff er også transportkostnader en relativt stor del. Transportavstander på 20-30 km kan i nokre tilfelle bety at transportkostnaden blir større enn materialkostnaden, altså verdien av råvarene.

Infrastruktur

I forhold til infrastruktur for etablering av masseuttak eller deponi må det vurderes kva som ligg i nærleiken. Dette kan være bustad, hytter eller annan bebyggelse (tettsted/spredt). Det må også vurderes om et masseuttak fører til behov for ny eller utbedret veg, eller om det kjem i konflikt med omsyn til sikker skoleveg e.l.

Landbruk

Jordvernomsynet må vege tungt i vurderinga. Dyrka mark bør ikkje berøres eller oppsplittast viss det ikkje kan opparbeidast eit likeverdig areal i ettertid etter endt uttak. Deponering av masser/planering kan gi betre arrondering og fleire samanhengande dyrkamarkområde. Det må her også sjåast over nabogrenser.

Biologisk mangfald

Biologisk mangfald kan forstyrrast/ødeleggast ved uttak av masser eller ved etablering av deponi.. Flere arter og naturtyper er raudlista av miljødirektoratet og klassifiserte som truga og prioriterte. Naturmangfaldloven pliktar tiltakshaver og planmynde å ha eit godt nok kunnskapsgrunnlag.

Friluftsliv/kulturlandskap

Masseuttak plassert i eller i nærleik til eit turområde eller areal som nyttast av barn, kan gi negative konsekvensar for utandørsaktivitetar og turisme. Uttak av masser inneber vesentlege terrengingrep,

og kan øydeleggje opplevinga av kulturlandskapet. Sett frå eit folkehelseperspektiv er omsynet til gode friluftsområde noko som må ivaretakast i planarbeidet.

Kulturminne

Kulturminne vil også kunne forringast ved uttak. Ofte er det arkeologiske interesser som hindrar at ein i det heile får lov til å ta ut viktige sand og grusressursar. Ein kan her td visa til Nedre Valheim i Årdal.



Dei eldste spora etter uttak av sand, grus og naturstein er også interessante som kulturminne i dag. Frå Hauge i Jøsenfjorden ca 1935. Foto henta frå digitaltmuseum.no

4 Planprosess, medverknad og organisering

4.1 Planprosess

Varsel om oppstart av arbeidet med denne planen vert gjort samstundes med at planprogrammet vert sendt på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn, jf. PBL § 4-1 annet ledd. Innspel til planprogram kan være innspel og syn på innhald eller utforming av foreslått planprogram, eller være synspunkt på foreslått plan- og medverknadsprosess. Det kan også vera aktuelt med ope møte allereie i planprogramfasen.

Planprogrammet vert endeleg fastsett av kommunestyret i ei stor og viktig sak som denne.

Når planprogrammet er endeleg vedteke startar planarbeidsfasen. Planarbeidsfasen inneheld innspelsrunde, kartlegging, medverknad og samhandling med berørte styresmakter og interessenter. Det skal også gjennomførast utgreiingar og analyser av ututgreiingstema (kap. 5). Når det er innhenta nok underlag skal planforslag utarbeidast. Planforslaget skal behandlast i formannskap og kommunestyre, og det sendes deretter på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn i minimum 6 veker, jf. PBL § 11-14 første ledd. Innspill og merknader etter førstegangsbehandling vil behandles fortløpende. Endeleg vedtak av kommunedelplan for grustak, steinbrudd og deponi gjeres av Kommunestyret, jf. PBL § 11-15



Grustak på Østerhus og Vadla i Jøsenfjorden 2022

4.2 Medverknad

Det vert lagt opp til ein medverknadsprosess som involverer næringsaktørar, grunneigarar og interessenter i planarbeidet, samt «folk flest» og offentlege sektormynde. Målet er å skaffe eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag knytt til eksisterande og nye område for sand og grus, naturstein og deponi. Vidare at aktørane og kommunen skal være kjende med kvarandre sine behov i arealpolitikken, og slik vere viktige bidrag inn mot planforslaget.

Dei grendene som i dag er mest berørte av inngrep i høve til råstoffutvinning er Årdal, Randøy og Jøsenfjorden. Det kan også vera ressursar andre stader. Berørte grender bør prioriterast ved gjennomføring av infomøte. Møte kan skje både fysisk og digitalt.

Det vert lagt opp til følgande aktivitetar og medverknad (viktige fasar for innspill er framheva):

Informasjon om planprogram og vidare planprosess

- Oppstart / Planprogram
- Vedtak om at forslag til planprogram legges på høring.
- Høyringsperiode planprogram
- Regionalt planforum
- Fastsetjing av planprogrammet og temadag:

Utgreiingar i høve til fokusområde (kap. 3) og utgreiingstema (kap. 5).

Arbeidsmøte og orienteringsmøte.

Innspill og medverknad

Innspel vert behandla og vurdert

Overordna konsekvensutredning KU/ROS

Overordnakonsekvensutgreiing vert ferdigstilt.

Ferdigstille ROS-analyse.

Utkast til tidsplan ser slik ut :

Utarbeidelse av planprogram	POF	Januar 23
Vedtak av høyringsutkast planprogram KS		Februar 23
Høring av planprogram Infomøte	POF	Mars-April 23
Temadag for politikarar. Fastsetjing av planprogram KS		Mai-Juni 23
Innspelrunde	POF	August 23
Div utgreiingar	POF	Juli-September 23
Utarbeidelse av råstoffplan (utkast) KU ROS	POF	Sep 23
Vedtak av planutkast	KS	Okt/des 23
Høyring av utkast Infomøte	POF	Jan/feb 24

Bearbeiding av merknader	POF	Mars 24
Endelig vedtak	KS	April 24

Ved planoppstart vert planprogrammet kunngjort på kommunen si heimeside og i lokalavisa. I tillegg vil aktuelle interesseorganisasjonar og sektormynde få eit særskilt varsel. Kjente aktørar innan sand/grus/naturstein i kommunen skal også varslast.

4.3 Organisering

Arbeidet er organisert som eit prosjekt under eining plan og forvaltning med styringsgruppe, prosjektgruppe og ulike ressursar.

Det vert opna for innleige av ressurs til å arbeida med planen, og det vert sett ned ei administrativ prosjektgruppe innan plan og forvaltning. I tillegg kan det nyttast ressursar andre stader i kommuneorganisasjonen etter behov.

Døme på dette er ressursar innafor folkehelse, næring, skole, barnehage, helse, kultur, teknisk, , eigedom, og friluftsliv. Det vil også legges opp til samarbeid med offentlige sektormyndigheter, innbyggere og næringsaktørar. Det er råd å nytta budsjetterte ressursar til ekstra hjelp til prosjektleiing og/eller fagleg konsultasjon.

Formannskapet og kommunestyret vurderer forslag og fattar vedtak i saka.



Stein frå Randøy Stein. Foto henta frå randoystein.no



Frå sandbygda Årdal Foto henta frå Norstone.no

5 Utgreiingar

Nedanfor følger aktuelle utredningstema i planarbeidet:

Status på eksisterende uttaks- og deponiareal.

Inneber å skaffe en oversikt over dagens situasjon, herunder kva forekomstar som er i drift og forventa driftsperiode. I oversikt om forekomstar i drift har ein reguleringsplan og eller driftskonsesjon. Her er det allereie samla og systematisert ein del info.

Kartlegge og verdivurdere nye uttaks- og deponiareal.

Ein viktig planføresetnad at tilrådingane i kommunedelplanen skal være kunnskapsbaserte. Som fagleg grunnlag for arbeidet bør det inngåast et samarbeid med Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) for gjennomføring av kartleggingar av sand-, grus- og pukkeforekomstar og verdivurderingar av forekomstane i Hjelmeland. I kva grad dette allereie ligg føre, har ein ikkje nok kunnskap om pr i dag. I tillegg vil innspel fra næringsaktørar og interessentar vere viktige bidrag for eit breiare kunnskapsgrunnlag.

Verdi- og konsekvensvurderingsskjema.

Hjelmeland kommune har etter modell frå Melhus kommune og tidlegare nytta skjema i kommuneplanssamanheng utarbeidd eit verdi- og konsekvensvurderingsskjema som skal nyttast ved innspel til utvidingar av eksisterande eller nye areal for råstoffutvinning og deponi (sjå kap 7). Dette skjemaet blir lagt ut til høyring slik at det kan komme tilbakemeldingar på utforminga av dette før planprogram vert fastsett.

Overordna konsekvensutgreiing.

Det vert lagt opp til at det skal gjerast ei overordna konsekvensutgreiing av verdivurderte forekomstar og innspel til nye uttaks- og deponiområder. Den overordna konsekvensutredninga vil følge «KU-forskriften» kapittel 5 om innhald. Konsekvensutgreiinga vert avgrensa til å gjere greie for verknadene av planen på eit overordna nivå, jf. § 18. Den vil være sentral for å belyse konfliktnivået til et areal overordnet. Videre som grunnlag for vurdering av om eit areal eller område er eigna for råstoffutvinning, deponi eller om det bør anbefalast etablering av ei omsynssone slik at forekomsten ikkje byggast ned. KU-forskriften § 21 inneheld ein oversikt over relevante tema som skal identifiserast og utgreiast i den overordna konsekvensutgreiinga. Det vil sjelden vere saker der alle dei opplista temaene i § 21 er relevante. Sjølv om konsekvensane av ny eller endra arealbruk vert utgreidd på eit overordna nivå, skal konsekvenser av konkrete utbyggingsforslag utgreiast detaljreguleringsnivå, jf. KU-forskriften kapittel 2. Dette blir på eit seinare tidspunkt.

ROS-analyse.

Plan- og bygningsloven § 4-3 krev risiko- og sårbarhetsanalyse ved utarbeiding av planar for utbygging. Planmyndigheten skal sjå til at ROS-analyse vert gjennomført for planområdet, eller sjølv foreta en slik analyse.

Kommunedelplanen er på eit overordna nivå, og det vil bli vurdert i planprosessen om det er behov for å utarbeida ei overordna ROS-analyse til planforslaget. I påfølgjande reguleringsprosessar vil det uansett bli stilt krav om at tiltakshaver gjennomfører ROS-analyse.

Strategi for berekraftig forvaltning av ressursane.

Når Hjelmeland kommune skal forvalta sine grus- og pukkforekomstar er det viktig å tenke forvaltning i eit langsiktig perspektiv. Nedbygging av forekomstar og eit stort forbruk av sand og grus mange stader (særleg nær byer og tettstader) gjer det nødvendig å auke levetida på ressursane som finst, og hindre at dei blir nedbygde. I tillegg må behovet for masseuttak og deponi lokalt og regionalt belysast.

Levetid for forekomstane i Hjelmeland kommune bør om mogleg kartleggast. Ressursrekneskap for Hjelmeland kommune vil kunne seia noko om produksjonen av sand, grus og naturstein i Hjelmeland kommune dei siste åra. Langsiktig berekraftig forvaltning av ressursane kan mellom anna sikrast gjennom å hindre nedbygging av gode forekomstar. Det er også viktig å nytte eksisterende uttak og deponi fullt ut før det vert opna nye, og heve kompetansen om gjenbruk og resirkulering av masser. I samband med det må det utgreiast korleis Hjelmeland kommune kan legge til rette for en strategi som sikrar at også framtidige generasjonar kan dra nytte av naturressursen.

Sett frå eit klima- og miljøperspektiv er transportdistanse frå uttak til mottak, gjenbruk og resirkulering av byggeråstoff og ein god plan for etterbruk/tilbakeføring av areal etter endt uttak sentrale tema som bør inngå i ein strategi for berekraftig forvaltning av ressursane.

Andre aktuelle utgreiingstema:

- «Plankategorisering», prioritering og rangering av områder for råstoffutvinning / deponi.
- Utredning av konfliktnivå mellom ulike interesser/omsyn knytta til framtidig utvikling av areal.
- Gjennomgang av retningslinjer for kommunal saksbehandling av deponisaker og vurdere behovet for ein rettleiar (oversikt over prosesser).

6 Framdrift

Planarbeidet skal følgja framdrift skissert i kap 4. Det vert teke atterhald for om framdrift kan bli justert undervegs i planarbeidet.

7 Vedlegg

Utkast til innspelskjema er førebels eit eige dokument som du finn saman med utkast til planprogram på heimesida. **Dette skjemaet skal ikkje brukast før planprogrammet er endeleg fastsett**, og kommunen har invitert til innspelsrunde. I følgje planlagd framdrift vil ein slik innspelsrunde koma til sommaren/tidleg haust 2023. Me ønskjer tilbakemelding på utkastet til innspelsskjema no. Er det forståeleg? Bør noko endrast?